



Kjell Yri og Mona Enes står verkeleg på som turleiarar denne sommaren, No har dei leia ei gruppe på 15 på det ein kan kalla Noregs tak - dei sentrale delane av Jotunheimen. Dei har vore både på Galdhøpiggen (2469) og Glittertind (2465) og gått Beseggen og utifrå bileta som er sendt har det vore ein svært vellukka tur



Bileta er teke på dei to toppane og Beseggen. Overnattingane var på Juvasshytta, Spiterstulen, Glitterheim, Memurubu og Gjendesheim.

På facebook finn vi ein takk til turleiarane:

'Helledussen kor heldige deltakarane er. Mona og Kjell stillar opp igjen som turleiarar, takk til dåke for veldig mange timar med førebuing og planleggjing'

